
Saksnr: 2020/57035-2
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020
Fylkesutvalet		29.10.2020

Intensjonsavtale om samarbeid mellom Frivillighet Norge og Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune inngår intensjonsavtale med Frivillighet Norge.
2. Målet med intensjonsavtalen er å skape tettare samarbeid mellom Frivillighet Norge og Vestland fylkeskommune for å kunne løfte og styrke frivillig sektor i Vestland og utvikle ein frivilligpolitisk strategi.

Samandrag

Frivillig sektor har eit stort mangfald av aktivitetar og fremjar deltaking, engasjement, inkludering, folkehelse, lokalsamfunnsutvikling, velferd og demokrati. Vestland fylkeskommune sitt mål er ein aktiv frivillig sektor lokalt og regionalt. Frivillighet Norge er samarbeidsforumet for frivillige organisasjonar i Norge. Frivillighet Norge skal aktivt fremje frivilligheita sine interesser i samfunnet gjennom kompetanse, formidling av kunnskap, og ved å fremje dialog og samarbeid, auke medvitet om og stimulere til debatt om frivilligheita. Frivillighet Norge hjelper kommunar og fylkeskommunar som vil utvikle ei heilskapleg tilnærming til frivillig sektor gjennom ein frivilligpolitikk. Fylkesrådmannen ser på ein intensjonsavtale om samarbeid mellom Frivillighet Norge og Vestland fylkeskommune som eit viktig bidrag for å løfte og styrke frivilligheita i Vestland.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Intensjonsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Frivillighet Norge
- 2 Vedlegg - Notat om samarbeid med Vestland fylkeskommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde følgjande vedtak i møte 4. juni 2020:

1. Vestland fylkeskommune startar arbeidet med eit kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor i Vestland. Kunnskapsgrunnlaget blir lagt fram for vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering våren 2021.
2. Vestland fylkeskommune vil vedta frivilligpolitisk strategi for Vestland i 2021. Den frivilligpolitiske strategien for Vestland skal vere med som ein av strategiane knytt til *utviklingsplan for Vestland 2021-2024*.
3. Det blir sett ned ei tverrfagleg gruppe til å jobbe med kunnskapsgrunnlaget og til å førebu frivilligpolitisk strategi for Vestland. Grappa blir leia av avdeling for kultur, idrett og inkludering.
4. Vestland fylkeskommune innleier eit samarbeid med Frivillighet Norge knytt til arbeidet med frivilligpolitikk i Vestland.

Vestland fylkeskommune har ved leiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering og tilsette ved avdeling for kultur, idrett og inkludering hatt fleire møte med tilsette i Frivillighet Norge for å diskutere samarbeid og felles utfordringar. Som følgje av desse møta og vedtaket i hovudutval for kultur, idrett og integrering 4. juni sendte Frivillighet Norge 19. juni eit forslag til intensjonsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Frivillighet Norge, samt eit notat som utdjupar innhaldet i samarbeidet.

Frivillighet Norge

[Frivillighet Norge](#) er frivillig sektor sitt interessepolitiske samarbeidsforum, og har meir enn 300 medlemsorganisasjonar som til saman representerer 50 000 lag og foreiningar over heile landet. Frivillighet Norge har saman med kommunar landet rundt over fleire år arbeidd med å utvikle [lokal frivilligheitspolitikk](#).

Frivillighet Norge har dei seinare åra samarbeidd med både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune om å tilby konferansar og løfte arbeidet med frivilligpolitikk. I dag har Frivillighet Norge intensjonsavtalar om samarbeid med mellom anna Møre og Romsdal fylkeskommune.

Regionale planar

I regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, er arbeid med frivillig sektor mellom anna formulert gjennom følgjande tiltakspunkt:

- Det offentlege (kommunar, fylkeskommune og stat) utviklar ein medveten frivilligpolitikk

I regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR*, står mellom anna:

Det er viktig at kulturpolitikken er medviten om den avgjerande tydinga frivillig verksemd har for allmenn livskvalitet, og som viktig føresetnad for det profesjonelle kulturlivet. Frivillig sektor har stor tyding for demokrati og meningsdanning og spelar ei viktig rolle for sosial inkludering og meistring.

Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014-2025 omtalar frivilligheita gjennom både tekst og tiltakspunkt:

Frivillig sektor har stor betydning for demokrati og meningsdanning, og spelar i tillegg ei viktig rolle for sosial inkludering og meistring sidan sektoren når menneske på ein annan måte enn offentlege instansar. Samstundes har det eigenverdi for folk å engasjere seg i frivillig arbeid.

5 B: Utvikle regional og kommunal frivilligheitspolitikk i samarbeid med frivillig sektor.

Intensjonsavtalen og notat om samarbeid

Intensjonsavtalen set mål for samarbeidet mellom Frivillighet Norge og Vestland fylkeskommune og definerer korleis partane skal følgje opp avtalen, økonomiske forhold m.m. Det sentrale målet i avtalen handlar om å bidra til ein heilskapleg frivilligheitspolitikk i fylkeskommunen og kommunane. Vidare har avtalen mål om å styrke breidda, aktiviteten, mangfaldet og inkludering i frivillige organisasjonar regionalt og lokalt, samt auka samarbeidet og medvitet om frivillig sektor. Avtalen slår fast at den vil bidra til at Frivilligheitas år 2022 blir sett på dagsorden i Vestland og at den skal bidra til at portalane frivillig.no og ungfritid.no blir gjort kjent.

Frivillighet Norge har utarbeidd eit notat som vedlegg til intensjonsavtalen. Notatet skildrar korleis Frivillighet Norge kan bidra med ressursar i samarbeidet med fylkeskommunen. Det blir i notatet peikt på ulike moglege konkrete samarbeidspunkt:

- Frivillighet Norge som støttespelar for fylkeskommunen i utviklinga av fylkeskommunal frivilligheitspolitikk.
- Samarbeid om årleg fag-/dialogkonferanse for frivillig sektor.
- Frivillighet Norge som mogleg medaktør i fylkesbaserte prosjekt innan frivillig sektor.
- Bistand til kommunar i fylket som ønskjer å utvikle frivilligheitspolitikk og gjennomføre kartleggingsundersøkingar.
- Tilbod om å kjøpe eigne spørsmål i befolkningsundersøkinga Frivillighetsbarometeret.
- Samarbeid om Frivilligheitas år 2022.
- Samarbeid om kurs og kompetansehevande tiltak knytt til rekruttering og inkludering m.a. gjennom rekrutteringsportalane frivillig.no og ungfritid.no.

I notatet blir det slått fast at mange av samarbeidspunkta blir tilbydd gratis av Frivillighet Norge, men at meir omfattande tiltak kan medføre eventuelle kostnader.

Frivillig sektor er viktig innan mange område

Frivillig sektor er aktiv innan mange samfunnsområde, og spelar ei avgjerande rolle innan kulturlivet, idrett, friluftsliv, humanitært og helsefremjande arbeid, og bidrar til inkludering av grupper med minoritetsbakgrunn. Den frivillige innsatsen er ulikt fordelt avhengig av sosial bakgrunn, alder, utdanningsbakgrunn, funksjonsnivå og etnisitet. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å auke kunnskapen om frivillig sektor og ser det som ein føremon at det blir arbeidd på tvers av sektorar i arbeidet med ein frivilligpolitisk strategi. Det er også avgjerande at frivilligheita gjennom organisasjonane blir aktiv part i arbeidet med kunnskapsgrunnlag og strategi gjennom dialog, møtestadar, undersøkingar og arenaer for innspel.

Fylkesrådmannen meiner det må vere eit klart mål for Vestland fylkeskommune å betre samspelet mellom det offentlege og frivillige, og mellom dei frivillige organisasjonane. Det vil styrke og løfte det frivillige arbeidet og dei frivillige organisasjonane. På denne måten legg vi til rette for at fleire kan delta og at fleire samfunnsoppgåver blir løyst.

Eit formalisert samarbeid med Frivillighet Norge gjennom intensjonsavtalen vil vere til god nytte både for fylkeskommunen, kommunane og frivilligheita i Vestland. Avtalen legg til rette for betre samspel på tvers og utvikling av lokalsamfunna. Frivillig sektor vil kunne få auka merksemd, engasjement og deltaking, og styrke arbeidet med rekruttering og inkludering.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement, punkt 4, *Saker der utvalet gjev tilråding*. Fylkesutvalet, jf. vedteke reglement, punkt 2, *Oppgåver*.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Intensjonsavtalen inneber ingen økonomiske plikter. Ønskjer Vestland fylkeskommune å nytte Frivillighet Norge sine ressursar utover det som er skildra i intensjonsavtalen og vedlegget til intensjonsavtalen kan dette innebere eventuelle kostnader som blir avtalt i kvart enkelt tilfelle.

Klima: Effektar på miljø og klima vil vere eit drøftingspunkt i arbeidet med kunnskapsgrunnlag for frivillig sektor og ein frivilligpolitisk strategi for Vestland.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Frivillig arbeid og aktivitetar har positiv effekt på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR*, og dei regionale folkehelseplanane for Hordaland og Sogn og Fjordane har frivilligheit som viktige mål og tiltak.

Konklusjon

Frivillig sektor er ein berebjelke i samfunnet og engasjerer, inkluderer og skapar identitet og tilhøyrse. Frivilligheita løysar store samfunnsoppgåver og er med å utvikle demokratiet og velferdssamfunnet.

Fylkesrådmannen ser at arbeidet med å utvikle ein frivilligpolitisk strategi i Vestland vil kunne løfte og styrke frivilligheita og samspelet mellom det offentlege og frivilligheita. Intensjonsavtalen med Frivillighet Norge vil vere til god hjelp i arbeidet med frivilligpolitikk og gje auka kunnskap om feltet. Avtalen legg grunnlaget for eit tettare samarbeid om møtestader, konferansar, synleggjering av sektoren og i oppfølginga av frivilligheita og kommunane.